




# Konsesjonssøknad Yndestadhølen Kraftverk



Ingvild Sundal Smelvær

Sunnfjord Energi AS

22.10.2015

NVE - Konsesjons- og tilsynsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 Oslo

28.04.2011

## Søknad om konsesjon for bygging av Yndestadhølen kraftverk

Yndestadhølen Kraft AS ønsker å utnytte vassfallet i Guddalsvassdraget mellom Hovlandsvatnet og Bogsvatnet i Fjaler kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

**1. Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:**

- å bygge Yndestadhølen kraftstasjon

**2. Etter energilova om løyve til:**

- bygging og drift av Yndestadhølen kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer som skildra i søknaden.

Vedlagte utgreiing gjev alle nødvendige opplysningar om tiltaket.

Med vennleg helsing

  
Nina Yndestad  
6968 Flekke  
Mail: ninayndestad@hotmail.com  
Tlf: 99209897

## **Samandrag**

Yndestadhølen Kraft AS er eit selskap som vert skipa med føremål å bygge ut og drive Yndestadhølen kraftverk i Guddalsvassdraget i Fjaler kommune, Sogn og Fjordane. Anlegget er eigd av grunneigarane i området.

Yndestadhølen kraftverk er eit elvekraftverk som vil køyre etter tilgjengeleg tilsig til ei kvar tid. Inntaket vert i eksisterande kulp på kote 66. Vassvegen vert i 300 meter lang røygate i Dn1700. Mot elvestrekninga vert det plastra ei fin natursteinsmur. Dette skal seinare vere brukt som tursti til Fossesona slik at turistane på Yndestad Gard kan studere fossen nærmare. Stasjonen vert plassert på kote 51 og utført i materiale og utforming etter tradisjonell byggeskikk.

Kraftverket er planlagt med ein installasjon på 600 kW og vil ha ein årsproduksjon på 3,6 GWh. Anlegget vert knytt til eksisterande 22 kV-linje vest for kraftstasjonen via ein 100 meter lang jordkabel.

Når det gjeld det biologiske mangfaldet er flommose (*Hyocomium armericum*) den mest interessante arten som vart funne. Den er sjeldan og raudlista i kategori VU, sårbar. Flommose er sterkt fuktighetsavhengig og vekser på stein som stadig blir oversvømt av flomvann, og området har derfor middels verdi konsekvens for raudlisteartar.

Ecofact har vurdert verkinga av tiltaket på verneverdiane totalt sett til lite-middels negativt. Det aktuelle området er allereie prega av menneskeleg påverknad, med dyrka mark og beite, ein bru nedafor kraftstasjonsområdet og ein 22kV kraftlinje går langsmed og kryssar elva. Vi vurderer derfor dette området til ikkje å vere representativt for kriteria som verneplanen for Guddalsvassdraget bygger på.

Det blir søkt om 5 persentil som minstevassføring om sommar og vinter, gjennomsnittet av desse er 1400 l/s. I tillegg er slukeevna sett til 35 % av middelvassføringa i elva. Når det gjeld hydrologiske data bygger desse på målestasjon 82,4 Nautsundvatn som ligg i same vassdraget.

# Innhold

<b>1 Innleiing .....</b>	<b>5</b>
1.1 Om søkjaren.....	5
1.2 Grunngjeving for tiltaket .....	5
1.3 Geografisk plassering av tiltaket .....	5
1.4 Dagens situasjon og noverande inngrep. ....	7
1.5 Samanlikning med andre nedbørfelt/nærliggjande vassdrag .....	8
<b>2 Omtale av tiltaket.....</b>	<b>8</b>
2.1 Hovuddata .....	8
2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet .....	10
2.3 Kostnadsoverslag .....	15
2.4 Fordeler og ulemper ved tiltaket .....	16
2.5 Arealbruk og eigedomsforhold .....	16
2.6 Forholdet til offentlege planar og nasjonale føringer.....	17
2.7 Alternative utbyggingsløysingar.....	17
<b>3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn .....</b>	<b>21</b>
3.1 Hydrologi (verknader av utbygginga).....	21
3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima .....	22
3.3 Grunnvatn, flaum og erosjon.....	23
3.4 Biologisk mangfold .....	23
3.5 Fisk og ferskvassbiologi.....	24
3.6 Flora og fauna .....	24
3.7 Landskap .....	24
3.8 Kulturminne .....	25
3.9 Landbruk.....	25
3.10 Vasskvalitet, vassforsynings- og recipientinteresser .....	25
3.11 Brukarinteresser .....	25
3.12 Samiske interesser .....	26
3.13 Reindrift .....	26
3.14 Verknadene på samfunnet .....	26
3.15 Konsekvensar av kraftliner .....	26
3.16 Konsekvensar ved brot på dam og trykkrør .....	26
3.17 Konsekvensar av ev. alternative utbyggingsløysingar.....	26
3.18 Verneplan for vassdrag .....	26
3.19 Samla belastning .....	27
<b>4 Avbøtande tiltak.....</b>	<b>27</b>
<b>5 Referansar og grunnlagsdata.....</b>	<b>27</b>

## 1 Innleiing

### 1.1 Om sokjaren

Yndestadhølen Kraft AS er eit selskap som er starta med føremål å bygge ut og drive Yndestad Kraftverk. Selskapet er eigd av grunneigarane som har fallrett mellom kote 51 og kote 66 i Guddalsvassdraget mellom Hovlandsvatnet og Bogsvatnet.

Organisasjonsnummer: 997 167 910

Adresse: c/o Bjarte Skår

Dingemoen

6961 DALE I SUNNFJORD, Fjaler kommune

### 1.2 Grunngjeving for tiltaket

Eigarane bak Yndestadhølen kraftverk AS har jordbruk som næring. I tillegg driv Nina Beate Yndestad eit feriesenter, Yndestad feriesenter. På det meste sysselset verksemda inntil 5 personar. Ei utbygging av kraftverk i elva vil vere eit viktig bidrag til å sikre lønsemda og på den måten sikre busetnaden og vidare drift.

### 1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Utbyggingsområdet ligg i Fjaler kommune, Sogn og Fjordane. Tiltaket er lokalisert i hovudelva i Guddalsvassdraget, ved Yndestad gard. Nedstrøms kraftstasjon ligg Hovlandsdalsvatnet.



Figur 1. Lokalisering av tiltaket, med vernegrensene inntekna.



Figur 2. Tiltaket ligg oppstrøms Hovlandsdalsvatnet

## **1.4 Dagens situasjon og noverande inngrep.**

### Guddalsvassdraget:

Guddalsvassdraget er et låglandsvassdrag som munnar ut i ein sidefjord til Dalsfjorden i Sunnfjord.

Nedbørfeltet er svært påverka av strukturane i berggrunnen, noko som gjev eit krokete vassdragsmønster. Dalføret er også prega av morene og skredmateriale. Aktive prosessar er særlig knytt til steinsprang og skred.

Fjellområda har mange små, men velutvikla lågheier. Vegetasjonstypen er sjeldan i kystdistrikta. Feltet har en variasjon av myrtyper. Vassdraget er markert i form av store og små vassflater, kraftfulle stryk og stille loner.

Nedre del har anadrom fisk (laks og sjøaure). Bestanden er avhengig av jamt tilsig frå sidevassdraga. Sørebøfossen skil seg ut som markert landskapslement. Det er store kulturminneinteresser langs vassdraget.

Denne høgareliggende delen av Guddalsvassdraget er utan bebyggelse og nesten utan tekniske inngrep. Det varierte og småskalerte landskapet saman med det generelt urørte preget som gjev oppleveling av villmark, utgjer dei viktigaste friluftskvalitetane. Feltet brukast til tradisjonelt friluftsliv der vassdraget med elva og vatna utgjer ei sentral del av opplevelingane.

Store delar av nedbørfeltet ligg meir enn 1 km frå inngrep. Topografi og naturtyper bidrar til å gi feltet eit preg av villmark. Nedbørfeltets areal for heile Guddalsvassdraget er 260 km<sup>2</sup>.

Guddalsvassdraget utan Sørebøelva vart verna i Verneplan IV for vassdrag. Sørebøelva vart verna i supplering av Verneplan for vassdrag.

Det går veg oppetter heile vassdraget. I dei lågare områda går vegen på begge sider av vassdraget. Dalbotnen er prega av kulturlandskap og aktivt jordbruk. Det går ei 22 kV kraftlinje gjennom dalen.

Dei viktigaste kriteria som er lagt til grunn for vern av Guddalsvassdraget er først og fremst knytt til urord natur utan tekniske inngrep. Dette finn ein i dei høgareliggende områda som er prega av villmark og har viktige friluftskvalitetar.

Vidare er Guddalsvassdraget prega av strukturane i berggrunnen som gjev eit krokete vassdragsmønster. Dalføret er også prega av morene og skredmateriale.

Nedre del av Guddalsvassdraget har anadrom fisk.

### Tiltaksområdet:


Både område for inntak og stasjon er prega av menneskeleg aktivitet. Oppstrøm inntaket vart det tidlegare greve ut lausmassar frå elva. Til dette arbeidet vart det etablert veg rett oppstrøm inntaket, som i dag går heilt ned i elva. Ved kraftstasjonsområdet er det beite og dyrka mark. Nedstrøm stasjon går det bru over elva. I tillegg til vegar går det ei 22kV linje gjennom tiltaksområdet.

## 1.5 Samanlikning med andre nedbørfelt/nærliggjande vassdrag

Guddalsvassdraget (082.Z) grensar til Gaulavassdraget og Storeelva i nord og mot Dyrnesli / Vadheim mot øst, og Lølandselva i sør.

Gaulavassdraget er også verna mot kraftutbygging. Her er det i dag 13 mindre kraftverk i drift. I Storeelva er det eit større kraftverk ( Hålandsfoss 1917 / 1955), medan det mot øst er bygd eit minikraftverk på Birkås og samt Dyrnesli kraftverk i Vadheim frå 1911. I Lølandselva har Sunnfjord Energi AS to kraftverk i drift, Øvre Svultingen (1940) og Nedre Svultingen (1965).

NVE er i oppstartsfasen av behandling av fire småkraftverk i Fjaler kommune; Øyrarfossen, Tjøredalselva, Yndestadhølen og Lønnebotn. Alle prosjekta ligg innanfor Guddalvassdraget. Sjølv om dette er kraftverk mindre enn 1MW er det NVE som fattar vedtak, fordi det er eit verna vassdrag. Fylkeskommunen er som vanleg høyringspart.



Figur 3 Oversikt over konsesjonssøknader i Guddalsvassdraget. Kilde: NVE Atlas

## 2 Omtale av tiltaket

### 2.1 Hovuddata

Yndestadhølen kraftverk, hovuddata			
TILSIG	Hovudalternativ	Ev. alternativ 2	
Nedbørfelt	km <sup>2</sup>	138,5	
Årleg tilsig til inntaket	mill.m <sup>3</sup>	436	

Spesifikk avrenning	l/s/km <sup>2</sup>	99,7
Middelvassføring	m <sup>3</sup> /s	13,9
Alminneleg lågvassføring	m <sup>3</sup> /s	0,68
5-per sentil sommar (1/5-30/9)	m <sup>3</sup> /s	1,45
5-per sentil vinter (1/10-30/4)	m <sup>3</sup> /s	1,41
Planlagd minstevassføring	m <sup>3</sup> /s	1,4
Restvassføring	m <sup>3</sup> /s	0,01

**KRAFTVERK**

Inntak	moh.	66
Avløp	moh.	51
Lengde på råka elvestrekning	m	300
Brutto fallhøgd	m	15
Gjennomsnittleg energiekvivalent	kWh/m <sup>3</sup>	0,04
Slukeevne, maks.	m <sup>3</sup> /s	5
Slukeevne, min	m <sup>3</sup> /s	1,5
Tilløpsrøyr, diameter	mm	1700
Tilløpsrøyr, lengde	m	80
Installert effekt, maks	kW	600
Brukstid	timar	6473

**MAGASIN**

Magasinvolum	mill. m <sup>3</sup>	-
HRV	moh.	-
LRV	moh.	-

**PRODUKSJON**

Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	1,7
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	1,9
Produksjon, årleg middel	GWh	3,6

**ØKONOMI**

Utbyggingskostnad	mill.kr	11
Utbyggingspris	kr/kWh	3,1

**Yndestadhølen kraftverk, Elektriske anlegg****GENERATOR**

Yting	650 KVA
Spanning	22 kV

**TRANSFORMATOR**

Yting	700 kVA
Omsetning	0,69/22 kV

**NETTILKNYTING (kraftlinjer/kablar)**

Lengd	100 m
Nominell spenning	22 kV
Jordkabel	


## 2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet

### Hydrologi og tilsig


Grunnlaget for dei hydrologiske forholda i vassdraget er måledata frå 82.4 Nautsundvatn. Grunnen til at denne er brukt som samanlikningsstasjon er at den ligg i same vassdrag, nedstrøms tiltaksområdet. Pga plasseringa med omsyn til høgde over havet og helling i forhold til aktuelt vassdrag skulle dette være rimelig godt representativt med omsyn til distribusjonen av avrenninga over året.

Denne målestasjonen har 219 km<sup>2</sup> nedbørsfelt, og kraftverket på Yndestad utgjer 139 km<sup>2</sup> av desse. Perioden med data som er nytta frå målestasjonen i Nautsundvatn er 1978-2009.


Det naturlege nedslagsfeltet til tiltaksområdet ovanfor kote 66 er 139 km<sup>2</sup>. I følgje NVE sitt digitale avrenningskart er normalavløpet i nedslagsfeltet 100 l/s km<sup>2</sup>. Dette gjev eit middelavløp 13,9 m<sup>3</sup>/s og årsavløp på 438 mill m<sup>3</sup>.



**Figur 4. Median, middel og minimum vassføring. Døgnverdiar**



Figur 5. Varighetskurve for sommarsesongen (1/5-30/9).



Figur 6. Varighetskurve for vintersesongen (1/10-30/4).

### Inntak, ev. reguleringsmagasin og overføringar

Inntaket er tenkt som eit bekkeinntak i ein naturleg kulp i elva på kote 66. Ein planlegg å støype terskel over elva med krunebreidde 25 meter og høgde ca 1 meter. Dammen vert utført med betongtettekjerne og steinplastring på begge sider for å utnytte dei stadlege massane og gjere inngrepet så lite synleg som mogleg. Overløpsteskelen tilsvrarar breidda på elva, slik den er i dag. På den måten vert ikkje flaumforholda nedstrøms inntaket endra.

Inntakskammeret vert bygt med kammer, konus, rist med reinskar og system for slepping av minstevassføring. Oppdemt vassvolum vert ca  $300\text{ m}^3$  og neddemt areal vert ca  $500\text{ m}^2$ .



**Figur 7. Kulp som vert brukt til inntak for kraftverket.**

### Røyrgate/ Tunnel

Vassvegen er planlagt med 300 meter lang røyrgate frå inntaket og ned til kraftstasjon. Denne vert nedgraven på heile strekninga og det vert ikkje behov for sprenging. Det er store lause steinar i området som vert flytta på og som skal dekkja til røyrgata igjen. Mellom røyrgate og elvestrekning skal det byggast ein fin gråsteinsmur som seinare skal vere tursti til Foss området. Røyret vil ha ein diameter på 1700 millimeter. Planlagt breidde på rørgatetrasé er 20 m i anleggsperioden og 0 etter idriftsettelse.

Det vert ikkje behov for massetak eller deponi som følgje av tiltaket.



**Figur 8. Prinsippskisse for tiltaket.**

#### Kraftstasjonen

Kraftstasjonen er tenkt plassert aust for Yndestadhølen på kote 51. Den vert utforma i betong og trevirke med torv på taket. For å imøtekome den lokale byggesikken vil utbygger vurdere å kle veggane med tradisjonell kledning.

Stasjonen skal innehalde rom for turbin/generator, kontrollrom og eige rom for høgspent trafo. Utanfor bygget vert det opparbeida snuplass/parkering for liten lastebil.

Nødvendig areal til kraftstasjon med tilkomstveg vert 1000 m<sup>2</sup>.



**Figur 9.** Til venstre er stasjonsområde vist. Til høgre er biletet frå tenkt stasjon, eventuelt kledning på veggane etter lokal byggeskikk i området.

Det er planlagt å installere ein kaplan turbin. Ytinga til kraftverket vil vere 600 kW. Generatoren vil vere 650 kVA og spenning 690 V. I eige rom i kraftstasjonen vil ein plassere transformator på 700 kVA, med omsetning 690/22 000 V.


#### Vegbygging

Tiltaket vil ikkje føre til at nye vegar vert bygt i området. Til inntaksområde skal det gå ein mellombels veg som ein planlegg å nytte til etablering av inntak. Stasjonsområde er i enden av dyrka mark der det er eksisterande vegar i dag. Denne vert rusta opp og forlenga fram til kraftstasjonen.

#### Nettilknyting (kraftliner/kablar)

Anlegget vert knytt til eksisterande 22 kV linje i området. Det er planlagt å legge jordkabel frå kraftstasjonen til eksisterande linje ligg på andre sida av elva, vest for planlagt kraftstasjon. Det er Sunnfjord Energi AS som skal drive det elektriske anlegget.

Sunnfjord Energi AS er områdekonsesjonær i området og opplyser at det ikkje er aktuelt å knyte til fleire anlegg før det regionale nettet er utbetra. Vidare opplyser dei i vedlegg 6 at isolert sett er det kapasitet for dette anlegget i dag. Men ved utnytting av heile kraftpotensiale i området vil det vere behov for betre nett i området.



**Figur 10.** Traseen for jordkabel frå kraftstasjonen til eksisterande 22kV linje

#### Køyremønster og drift av kraftverket

Kraftverket skal køyre på tilsiget som eit tradisjonelt elvekraftverk. Det blir ikkje effektkøyring med hyppige start og stopp.

### 2.3 Kostnadsoverslag

Yndestad Kraftverk	mill. NOK
<b>Reguleringsanlegg</b>	
Overføringsanlegg	
Inntak/dam	0,5
Driftsvassvegar	4
Kraftstasjon, bygg	1,1
Kraftstasjon, maskin og elektro	3
Kraftline	0,5
Transportanlegg	0,2
Div. tiltak (tersklar, landskapspleie, med meir)	0,3
Uventa	0,5
Planlegging/administrasjon.	1
Finansieringsutgifter og avrunding	0,5

<b>Sum utbyggingskostnader</b>	<b>11.6</b>
Prisnivå: 2010	

## 2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket

### Fordelar

Kraftverket vil gje ein samla produksjon på 3,6 GWh ny fornybar energi.

Ettersom lønsemada i tradisjonelt jordbruk i dag er låg, oppfordrar dagens landbrukspolitikk til ei breiare utnytting av dei ressursane som finst på gardsbruka. Ei utvikling av eit lokaleid kraftverk vil både auke kompetansen og interessa for lokal utnytting av ressursane.

For eigarane av kraftverket vil anlegget vere med å styrke lønsemada og næringsgrunnlaget på bruken, noko som igjen vil sikre busetnaden og eit levedyktig lokalsamfunn.

Som beskrive tidlegare i søknaden er anlegget planlagt i eit verna vassdrag. Grunnlaget for dette vernet er særleg knytt til urørd natur med eineståande landskapsformer. Tiltaksområde er prega av menneskeleg påverknad. og vi vurderer dette området til ikkje å vere representativt for kriteria som verneplanen for Guddalsvassdraget bygger på.

Det nedgravde røyret vil ikkje gi synlege inngrep på strekninga. Inntaket ligg skjerma til og utforming vert mest mogleg tilpassa omgjevnadane.

Det er såleis vurdert at fordelane av tiltaket er langt større enn dei minimale ulempene.

### Ulemper

Ulempene vil i hovudsak vere tilknyting til fysiske inngrep og redusert vassføring.

Utifrå tiltak som er gjort med plassering av inntak, rørgate og kraftstasjon meiner vi at ulempene er minimale. Slepping av monaleg minstevassføring vil vere med å sikre landskapsopplevinga og det biologiske mangfaldet.

## 2.5 Arealbruk og eigedomsforhold

### Arealbruk

Kraftverket vil berre påverke eigedomane til gardsnummer 133/2 og 133/1.

Alt areal vil verte arrondert og vekstmassar tilbakeført slik at stadeigen vegetasjon kan etablere seg.

#### Inntaksdam:

Inntaket til anlegget vil verte i ein allereie eksisterande kulp. Det vert lagt vekt på at inngrepa skal vere så små som mogleg.

#### Vassveg:

Mesteparten av vassvegen vert skjult og vil såleis ikkje vise igjen i landskapet. Rørgata vert nedgraven frå inntak til kraftstasjon og vil såleis ikkje legge beslag på noko grunn.. Det skal ikkje vere permanent veg mellom stasjon og inntak.

#### Kraftstasjon:

Kraftstasjonen vil legge beslag på ca 1000 m<sup>2</sup> innmark. Dette er til bygg og parkering for tilkomst til anlegget.

### Nettiknyting:

Frå kraftstasjon er det planlagt å legge jordkabel til eksisterande 22 kV linje. Denne traseen vil ikkje legge beslag på noko nytt areal.

Inngrep	Midlertidig arealbehov	Permanent arealbehov	Ev. merknader
Reguleringsmagasin	0	0	
Overføring	0	0	
Inntaksområde	1,5 da	0,2 da	
Rørgate	1,6 da	0	
Riggområde og sedimenteringsbasseng	5 da	0	
Veier	5,84 da	2,2 da	
Kraftstasjonsområde	3 da	1 da	
Massetak/deponi	0	0	Det vert ikkje massetak/deponi
Nettiknytnign	0,5	0	

### Eigedomsforhold

Vassrettane i tiltaksområdet tilhørar Nina Yndestad og Kirsten Alfild Kleppe. Vedlegg 6 er avtale om utnytting av fallet på omtala strekning til kraftproduksjon.

## 2.6 Forholdet til offentlege planar og nasjonale føringer

### Kommuneplan

Heile utbyggingsområdet inngår i gjeldande arealplan som landbruk, natur og friluftsområde (LNF). Prosjektet treng derfor dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen før utbygginga tek til. Dette vert gjort samtidig som søknaden vert handsama i NVE.

### Samla plan for vassdrag (SP)

Tiltaket er ikkje omtala i Samla plan.

### Verneplan for vassdrag

Guddalsvassdraget er verna i VP IV, (dette er beskrive i punkt 1,4).

### Nasjonale laksevassdrag

Tiltaket er ikkje i nasjonalt laksevassdrag.


## 2.7 Alternative utbyggingsløysingar

I denne søknaden vert det søkt om ei utbygging med ei minstevassføring lik 5 persentil vinter og slukeevna er sett til 35 % av middelvassføring. Vassføringsmønsteret vil difor vere det same før og etter utbygging, men med ein litt lågare vasstand. Vassdraget vil difor framleis ha ein naturleg variasjon, og konsekvensane av utbygginga vil ikkje være merkbar for menneske i området.

**Vassføring i høve turbinens slukevne (maksimal 5 m<sup>3</sup>/s):**

	Tørt år	Middels år	Vått år
Kor mange dagar med vassføring > største slukeevne	197	231	305
Kor mange dagar med vassføring < planlagd minstevassføring + lågaste driftsvassføring	64	31	0

**Vassføring før og etter utbygging  
Middels år**




**Figur 11. Vassføring før og etter utbygging med maksimal slukeevne 5 m<sup>3</sup>/s**

**Vassføring i høve turbinens slukevne (maksimal 4,5 m<sup>3</sup>/s):**

	Tørt år	Middels år	Vått år
Kor mange dagar med vassføring > største slukeevne	206	252	322
Kor mange dagar med vassføring < planlagd minstevassføring + lågaste driftsvassføring	64	31	0

## Vassføring før og etter utbygging Middels år




**Figur 12.** Vassføring før og etter utbygging med maksimal slukeevne  $4,5 \text{ m}^3/\text{s}$

**Vassføring i høve turbinens slukevne (maksimal  $4 \text{ m}^3/\text{s}$ ):**

	Tørt år	Middels år	Vått år
Kor mange dagar med vassføring > største slukeevne	212	262	328
Kor mange dagar med vassføring < planlagd minstevassføring + lågaste driftsvassføring	64	31	0

## Vassføring før og etter utbygging Middels år



**Figur 13. Vassføring før og etter utbygging med maksimal slukeevne 4 m<sup>3</sup>/s**

Av grafane ser ein at vassføringa endrar seg minimalt med ein lågare slukeevne. Eit lågare uttak av vatn vil gje ei mindre lønsam utbygging, som vi meiner vert lite samfunnsøkonomisk.

Produksjon og kostnader etter slukeevne:

Slukeevne	Produksjon	Utbyggingskostnader (rør og elektromekanisk)
5 m <sup>3</sup> /s	0,60 MW	7 mill
4,5 m <sup>3</sup> /s	0,53MW	6,8 mill
4 m <sup>3</sup> /s	0,48 MW	6,7 mill

Prisnivå: 2010

### 3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

#### 3.1 Hydrologi (verknader av utbygginga)

Nedbørssfeltet til inntaket er 139 km<sup>2</sup>. Ein stort nedslagsfelt med fleire vatn gjer at felta har sjølvregulering.

5 persentil sommar: 1,45 m<sup>3</sup>/s

5 persentil vinter: 1,41 m<sup>3</sup>/s

Alminneleg lågvassføring: 0,68 m<sup>3</sup>/s

Planlagd minstevassføring: 1,4 m<sup>3</sup>/s


Middelvassføring: 13,9 m<sup>3</sup>/s

Restvassføring: 0,01 m<sup>3</sup>/s


Vassføring i høve turbinens slukevne:

	Tørt år	Middels år	Vått år
Kor mange dagar med vassføring > største slukeevne	197	231	305
Kor mange dagar med vassføring < planlagd minstevassføring + lågaste driftsvassføring	64	31	0


Vassføring for eit tørt år (2002) i tiltaksområdet, (før og etter utbygging):



Vassføring for eit middels år (1997) i tiltaksområdet, (før og etter utbygging):



Vassføring for eit vått år (1967) i tiltaksområdet: (før og etter utbygging):



### 3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

#### Anleggsfasen:

Det er ikkje venta noko endring i vasstemperatur, isforhold eller lokalklima under bygging av kraftverket. Vassvegen med tunell og røyrgate vil ligge eit stykke frå elvestrengen og den korte byggetida for inntaksdammen vil ikkje kunne påverke desse forholda.

### Driftfasen:

Strekninga mellom inntak og stasjon er 300 meter. I denne strekninga vil det verte marginalt varmare lufttemperatur gjennom vår og sommarmånadane på grunn av den reduserte vassføringa og varmeveksling med lufta omkring. På vinterstid er det venta ingen endring.

Vatnet som går gjennom turbinen vil verte mindre oppvarma enn vatnet som renn fritt om sommaren. Om vinteren vil vatnet verte meir enn vatnet i elva. Desse forholda vil truleg gje marginale effektar på vasstemperaturen etter samløpet mellom kraftstasjon og elva. Den reduserte vassføringa vil kunne medføre at isen legg seg tidlegare i den påverka elvestrekninga.

Det er ikkje forventa endringar med tanke på isgang, kjøving eller frostrøyk.

### **3.3 Grunnvatn, flaum og erosjon**

Grunnvatnet i området er ikkje kartlagt, men der er ikkje forventa endringar i grunnvasstanden som følgje av tiltaket. Ein auka vasstand i inntaksområde vil ha marginale konsekvensar oppstrøms inntaket. I dette tilfelle er der mykje fjell i dette området.

Bygging av rørgate og kraftstasjon vil ikkje endre grunnvassforholda.

Når det gjeld flaum har vassdraget ein markant snøsmeltingsperiode og fleire hyppige regnflaumar om haust og vinter. Overløpet på inntaket vil få same breidde som eksisterande løp, noko som ikkje vil endre flaumforholda nedstrøms inntaket.

Tiltaket vil ikkje gje noko auka fare for erosjon i området.

### **3.4 Biologisk mangfold**

Når det gjeld konsekvensar for det biologiske mangfaldet ved utbygging av Yndestad kraftverk har Ambio Miljørådgivning AS undersøkt dette. Området vart undersøkt ved feltarbeid hausten 2009, og rapporten vart oppdatert i 2015 av Ecofact.

Konklusjonane frå rapporten er i hovudsak:

#### Raudlisteartar:

Under synfaringa i 2009 ble det funnet relativt mye, men spreidde bestander av flommose (*Hyocomium armoricum*) på steinar ute i elva som tidvis blir oversvømt. Denne arten er tett knytt opp mot fuktig klima og vekser i og nær bekdedrag og fossefall på sure bergarter.

Området vurderast av Ecofact å ha middels verdi for raudlista arter fordi flommose (VU) er såpass sjeldan og ikkje lett kan spreie seg og finne nye optimale habitat i nærliken.

#### Naturtype:

Det er hovudnaturtypen skog og til dels kulturlandskap i kraftstasjonsområde som dominerer utbyggingsområde. På begge sider av elva er det bjørkeskog med innslag av småvekst rogn og furu. Feltsjiktet er tradisjonelt med blåbær, tyttebær, mikkelsbær og røsslyng.

Langs elva vert lav og mose beskriven som variert med vanlege og trivielle artar.

Rapporten har ikkje avdekkja noko viktige eller verdifulle natur og vegetasjonstypar. Typane vert vurdert til å vere trivielle og å ha liten verdi.

### **3.5 Fisk og ferskvassbiologi**

Elvestrekninga som tiltaket omfattar føyrer ikkje anadrom fisk eller ål ettersom det er fleire oppgangshinder lenger nede i vassdraget. Hovlandsdalsvatnet nedstrøms tiltaket har ein stor bestand av aure, og elva vert rekna som gyteområde. Samla sett vurderer Ecofact tiltaksområdet til å vere av liten – middels verdi for akvatisk miljø.

### **3.6 Flora og fauna**

Det er ikkje kjente funn eller observasjonar av sjeldne artar i tiltaksområde. Vi kan heller ikkje sjå at tiltaket har eit slikt omfang at ein kan frykte negative konsekvensar.

### **3.7 Landskap**

Tiltaksområde er ikkje av eit slikt omfang at det vil påverke landskapet. Området ligg skjerma til i dalbotn. Eit vassuttak som beskrive i denne søknaden med monaleg minstevassføring vil ikkje påverke det landskapsmessige.

Rapporten frå Ecofact peiker på at det lenger opp i dalen har blitt fjerna tersklar som har redusert størrelsen på vatna og dermed gjeve meir jordbruksareal. Rett oppstrøms inntaksområdet for dette tiltaket har det også blitt greve ut massar i elva. Det syner godt i dag, både i elva og vegbygging i samband med dette.

Den planlagt aktuelle elvestrekninga er vid og open, og elva kommer her frå eit flatt lende gjennom landbruksområder. Etter passering av et eventuelt inntakspunkt, renner elva i små stryk over steinar og fjell med glattskura steinar og svaberg som ein kan sjå av Figur 14. Vidare renner den igjen inn i et flatare jordbruksområde og renner gjennom Yndestadhølen, før den renner inn i Hålandsdalsvatnet.

Inntaket vert i eksisterande kulp, oppstrøms denne er det eksisterande veg som vil verte nytta ved utbygginga. Det vil såleis ikkje vert nye inngrep i landskapet som følgje av dette.



**Figur 14. Parti av elva som vil påverkast av Yndestadhølen Minikraftverk, oppstrøms kraftstasjonen.**

### 3.8 Kulturminne

Tiltaksområdet ligg vanskeleg til og det er ikkje registrert kulturminne innanfor tiltaksområdet.

### 3.9 Landbruk

Det søkte tiltaket vil gje eit positivt økonomisk bidrag til gardsbruken som har fallrett langs elva innanfor tiltaksområde. Elles vil jordbruksmarka ved kraftstasjon få ein betra veggtilkomst

### 3.10 Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

Tiltaket vil ikkje føre til noko endra vasskvalitet. I kortare periodar kan vatnet verte farga ved anleggssarbeid i inntaket. Innanfor tiltaksområde er det inga vassforsyning. På den råka strekninga mellom inntak og kraftstasjon kan vi ikkje sjå noko resipientinteresser.

### 3.11 Brukarinteresser

Sjølve tiltaksområde er lite brukt til friluftsliv og er ikkje noko kjent turområde. Samla sett vert tiltaket vurdert til å ha liten innverknad på brukarinteressene. Det er ikkje registrert noko viktig friluftsområde, (FRIDA).

Sida kraftverket berre vil få en slukeevne på 25% av middelvassføringa og i tillegg at det skal slippes alminneleg lavvassføring er det ikkje forventa at denne installasjonen vil være til vesentlig hinder eller ulempe for den stadeigne fiskestammen.

### **3.12 Samiske interesser**

Det er ikkje knytt samiske interesser til området

### **3.13 Reindrift**

Det føregår ikkje reindrift i området.

### **3.14 Verknadene på samfunnet**

Dei positive verknadane av tiltaket er betydeleg større enn dei minimale negative verknadane. Tiltaket vil gje 3.6 GWh ny kraft, noko som svarar til normalforbruket til 200 husstandar.

Tiltaket vil vere med å styrke næringsgrunnlaget og sikre busetnad på einskildbruka som eig i kraftverket.

Auka inntekter for fallrettshavarane og det lokale næringslivet vil gje grunnlag for auka offentleg skatlegging, noko som vil vere med å styrke lokalsamfunnet.

I byggeprosessen vil prosjektet sysselsette 4-5 personar i eit år. Når anlegget er ferdig vil drifta utgjere ei deltidsstilling.

### **3.15 Konsekvensar av kraftliner**

Vest for kraftstasjonen går det i dag ei 22 kV kraftlinje. Frå kraftstasjonen vil det gravast ned jordkabel fram til eksisterande linje. Det vil såleis ikkje verte noko negative konsekvensar ved linjetilknyting for dette anlegget.

### **3.16 Konsekvensar ved brot på dam og trykkrøy**

Ettersom inntaket vil verte i ein eksisterande kulp og terskelen vert låg vil ikkje brot på dam/terskel føre til nemnande konsekvens.

Vassvegen vert som tidlegare beskrive nedgravd. Ved brot på rørgata frå inntak til kraftstasjon vil ikkje dette føre til skade på infrastruktur. Vatnet vil verte leia ut att i elva.

### **3.17 Konsekvensar av ev. alternative utbyggingsløysingar**

Dei ulike slukeevna som er beskriven vil ha små konsekvensar, då vassdraget uansett vil ha ein naturleg variasjon. Vassføringsmønsteret vil difor vere det same før og etter utbygging, men med ein litt lågare vasstand. Dette vil ikkje verte merkbart for menneske i området.

### **3.18 Verneplan for vassdrag**

Ecofact har vurdert verkinga av tiltaket totalt sett til lite-middels negativt. Som nemnt er grunnlaget for dette verna vassdraget særleg knytt til urørd natur med eineståande landskapsformer. Det aktuelle området er allereie prega av menneskeleg påverknad, med dyrka mark og beite ved kraftstasjonsområdet og veg rett oppstraums inntaket. Det går også ein bru nedafor kraftstasjonsområdet og ein 22kV kraftlinje går langsmed og kryssar elva. Vi vurderer derfor dette området til ikkje å vere representativt for kriteria som verneplanen for Guddalsvassdraget bygger på.

### 3.19 Samla belastning

Vassvegen er planlagt med 300 meter nedgravd røyrgate frå inntak til kraftstasjon. Inntaket vil ikkje bli synleg frå vegen. Området ligg skjerma til i dalbotn, og tiltaksområdet som beskrive i denne søknaden med monaleg minstevassføring er ikkje av eit slikt omfang at det vil påverke det landskapsmessige.

Når det gjeld omkring liggjande vassdrag er det planlagt eller bygt fleire anlegg, (sjå kart, kap. 1.5). Dette har samanheng med fleire naturgitte forhold, som mykje nedbør og store høgdeskilnader. Sjølv om Guddalsvassdraget er verna, er det fire nye kraftverk i forskjellige sideelver som no skal handsamast etter vassressurslova.

Av kraftverka i Fjaler kommune er Sunnfjord Energi konsulent for Øyrafossen, Tjøredalselva og Yndestadhølen, og grunneigarane sjølv står som tiltakshavar. Desse kraftverka vil isolert sett få små negative konsekvensar for miljøet, men det er vanskeleg å vurdere i kor stor grad dei negative effektane av desse kraftverka, samt dei andre omsøkte kraftverka, vil akkumulerast til. Sunnfjord Energi er ikkje kjent med miljøverknadane til dei andre omsøkte kraftverka, og kan såleis heller ikkje gjere noko vurdering av sumverknad i forhold til desse.

## 4 Avbøtande tiltak

Anlegget vil verte bygt slik at inntaksområde vert minst mogleg synleg. Ein vil legge stor vekt på at både inntak og stasjon vert best mogleg tilpassa omgjevnadane, og bygt etter lokal byggeskikk.

### Minstevassføring

Minstevassføringa er sett til 1400 l/s. Det er liten skilnad mellom 5 persentil om sommar og vinter slik at vi søker om å sleppe ein snittverdi mellom dei to minstevassføringane heile året.


Det kan og vere aktuelt å flytte steinar med flommose slik at desse er sikra vassoverstrøyming i same frekvens som før tiltaket, eventuelt flytte steinar til ein annan del av elva der den ikkje vert påverka av tiltaket.


## 5 Referansar og grunnlagsdata

- Grunneigar Nina Yndestad
- Koordinator Bjarte Skår
- Ecofact, Biologisk mangfaldrapport
- NVE Atlas
- SEFRÅK
- Virtual Globe, Norkart
- Eigenutvikla programvare for simulering av tilsig og produksjon.

## Vedlegg til søknaden

1. Oversiktskart med nedbørsfelt innteikna
2. Detaljert kart over utbyggingsområdet, Kartet viser inntak, vassveg, kraftstasjon, eksisterande kraftlinjer, kontaktpunkt, vegar og eigedomsgrenser.
3. Fotografi av inntaksområde, rørgatetrase og stasjonsområde.
4. Intensjonsavtale mellom fallrettshavarar.
5. Miljørappport/kartlegging av biologisk mangfald.
6. Uttale frå områdekonsesjonær
7. Oversikt over råka grunneigarar og rettigheitshavarar






## Bilete frå tiltaksområde under forskjellige vassføringar

25.juli 2008: vassføring ca  $2,98 \text{ m}^3/\text{s}$ :


Oppstrøms kraftstasjonen:



**Nedstrøms kraftstasjonen:**



**Oppstrøms vassinntak:**





**Oppstrøms vassinntak:**



28.oktober 2009: vassføring ca 1,23m<sup>3</sup>/s:

**Oppstrøms kraftstasjonen:**






**Nedstrøms kraftstasjonen:**



**Oppstrøms vassinntak:**





25.september 2012: vassføring ca  $7 \text{ m}^3/\text{s}$ :

**Oppstrøms vassinntak:**



14. oktober 2015: vassføring 2,1 m<sup>3</sup>/s:

**Inntakskulp:**





# A V T A L E

MELLOM

YNDESTAD KRAFT AS  
(under stifting)(heretter kalla leigetakar)

OG

EIGARANE AV:

- GNR. 133 BNR. 1
- GNR. 133 BNR. 2

I Fjaler kommune  
(Heretter kalla utleigarane)

om leige av fallrettar og etablering av faste innretningar, tilkomst m.v. i samband med kraftutbygging.

1. Formålet med avtala er å sikre leigetakar naudsynte rettar for bygging, oppstart, drift,tilsyn og vedlikehald av kraftverket med installasjonar, for så vidt gjeld utnytting av fallstrekninga i Yndestadelva fra øvre kant av eide domen til gnr. 133 bnr. 2 og ned til utflatinga av fossefallet.( fall på ca. 25 høgdemeter) til kraftproduksjon og overføring/frammføring av elkraft til det ordinere kraftforsyningsnettet.
2. Fallrettane på ovannemde strekning som utgjer ei fallhøgde på ca. 25m, vert å leige ut frå utleigarane til leigetakar for 60 år. Etter denne tid kan avtalen reforhandlast eller anlegget kan selgast tilbake til grunneigarane etter takst/skjønn. Med anlegget meinast all innretning som leigetakar eig eller har ført opp for eiga rekning i forbindelse med kraftproduksjon. Verdsettinga vert sett av sakkyndig skjønnsmann som kvar av partane oppnevner. Blir ikkje partane einige skal ein tredje skjønnsmann oppnevna, om så av sorenskrivaren i Sunnfjord.

Bjørke Skar

Iddeleif Yndestad

8. Den årlege leiga for fallet vert satt til 5% av brutto driftsinntekter frå sal av kraft. Leiga forfell til betaling seinast 30 dagar etter at årsrekneskapen er godkjent i generalforsamliongen.
9. Fordeling av fallretsutbetaling til utleigarane vil komme i ein underavtale til denne hovedavtalen. Dette vil skje når ein har fått utbyggingsgodkjenning fra NVE, og ein gjennom denne vil sjå kor stort fall det påkviler kvar av utleigarane. Ein off. godkjent landmålar vil ta ut desse fallhøgdene.
10. Utleigarane samtykker i at leidgetakar kan pанsette eller overdra sine rettar etter denne avtalen.
11. Vert drifta av kraftverket varig lagt ned av leidgetakar eller av nokon som leidgetakar har overdratt sine rettar til, skal leidgetakar/ rettsetterkomaren fjerne eventuell kraftlinje og rørledning som går i luftspenn eller som ligg oppå marka, dersom grunneigarane krev det. Om fjerning av innretningar i sjølve vassdraget gjeld vassresurslova kap. 7.
12. Så lenge kraftverket med tomt og rettar etter denne avtala er pанsett til fordel for ein långivar, kan denne avtala ikkje opphøyre utan långjevar sitt samtykke.
13. Denne avtala kan tinglysast som hefte på utleigarane sin eigedomar når selskapet er stifta. Vert selskapet ikkje stifta, fell avtala bort.
14. Avtala kan seinare formaliserast av advokat slik at den tilfredstiller alle offentlighetskrav vedrørende tinglysing o.l.

Fjaler

23 / 04 - 1 / 2003

Bjarte Skor  
Odgående yrkester

